

TYSVÆR VINDPARK AS
c/o RES Renewable Norden AB Lilla Bommen 1
411 00 GÖTEBORG

Vår dato: 28.11.2025

Vår ref.: 201605117-1081 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.: Bernt Anda

NVE godkjenner Tysvær Vindpark AS sin søknad om forlenging av mellombels endring av tiltaksplan for støy

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad om mellombels endring av tiltaksplan for støy datert 28. november 2024¹ og NVE sitt godkjenningsvedtak datert 17. juni 2025.² Me viser vidare til e-posten frå dykk datert 24. november 2025³ med søknad om å forlengje godkjent periode for mellombels endring av tiltaksplan for støy ved Tysvær vindkraftverk. De søker også om utsett frist for rapportering av førebels resultat og endeleg rapport med høvesvis to månadar kvar.

Vedtak om godkjenning

NVE godkjenner justeringane som kjem fram av endringssøknaden for mellombels endring av tiltaksplan for støy ved Tysvær vindkraftverk, datert 24. november 2025. Godkjenninga har heimel i vilkår om framlegging av tiltaksplan mot støy sett i vedtak om godkjenning av søknad om endring av detaljplan og MTA datert 18. desember 2019⁴ og gjeldande anleggskonsesjon datert 24. september 2015.

Godkjenninga inneber ei forlenging av testperioden frå 1. desember 2025 til 31. januar 2026, utsett frist på levering av resultat frå emmisjonsmålingar til 31. januar 2026, og utsett frist på levering av endeleg rapport til 31. mai 2026. Følgjande vilkår gjeld:

- Justeringane skal være i samsvar med vilkår og føresetnader gjevne i konsesjonen datert 24. september 2015, i vedtaket om godkjenning av søknad om endring av detaljplan og MTA datert 18. desember 2019, og i påfølgjande vedtak datert 17. juni 2025 for godkjenning av mellombels endring av tiltaksplan for støy.
- De skal varsle naboar og andre rettshavarar om endringa før de kan ta i bruk godkjenninga om forlengja testperiode, og seinast 24 timar innan oppstart av vidare støymålingsarbeid. De skal også oppdatere nettsidene dykkar med informasjon endringa.

¹ NVE-ref.: 201605117-929.

² NVE-ref.: 201605117-931

³ NVE-ref.: 201605117-1080

⁴ NVE-ref.: 201605117-87



- Testing er ikkje tillate i perioden 19. desember 2025 klokka 19:00 og fram til 5. januar 2026 klokka 07:00. I denne perioden skal vindkraftverket driftast i samsvar med tiltaksplan for støy.

De skal orientere grunneigarar og rettshavarar

Me ber dykk orientere grunneigarar og rettshavarar om dette vedtaket snarast mogleg, samt at de sender ei stadfesting på orientering til nve@nve.no.

Grunngjeving for endringa

Tysvær Vindpark AS har søkt om forlengja godkjenning av mellombels endring av tiltaksplan for støy. Grunna låg vind og pålagd produksjonsavgrensing⁵ for deler av testperioden vert testinga ikkje ferdig innanfor opphavleg godkjent tidsramme for testing.

Høyring

Energilova opnar for å ikkje sende vedtak på høyring når det «finnes unødvendig».⁶ Etter vår vurdering er saka godt nok opplyst til at me kan fatte vedtak utan at søknaden vert sendt på høyring. NVE meiner derfor at det ikkje er naudsynt å sende saka på høyring.

NVE informerer med ein kopi av vedtaket til Tysvær kommune, Motvind Tysvær, høringspartar til søknad datert 28. november 2024, og klagepartar på godkjenningsvedtaket.

NVE si vurdering

NVE vurderer at det er avgjerande for resultat og tolking at testinga vert fullført som opphavleg tenkt for alle turbinane i vindkraftverket. Me har forståing for at forseinkinga skyldast forhold utanfor Tysvær Vindpark AS si kontroll.

Ei forseinking av prosessen kan verte opplevd som ei belastning for naboar som er råka av avvikande støy frå Tysvær vindkraftverk, men samstundes er hovudårsaken for og målet med testinga å identifisere årsak(er) for avvikande støy, og med det mogleggjere utbetring. Det er derfor viktig at det vert gjennomført som planlagd og at me får dei naudsynte målingane for å kunne gjere rette slutningar vidare når resultatata føreligg.

NVE legg til grunn at arbeida vert gjennomført i tråd med vilkår og prinsipp lagt til grunn for godkjenninga av mellombels endring av tiltaksplan for støy datert 17. juni 2025. Me føreset at Tysvær Vindpark AS avklarar med grunneigarar der kor de har ståande ute apparat for immisjonsmålingar at dette kan fortsette gjennom den forlengja testperioden.

Me har elles ingen vidare merknader til justeringane.

⁵ NVE-ref.: 201605117-1068

⁶ [Energiloven § 2-2](#) femte ledd (lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.)



De har rett til å klage

De kan klage på vedtaket. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

Med helsing

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Matilde Anker
fagleiar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Godkjent av:

Matilde Anker
fagleiar

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Mottakarliste:

TYSVÆR VINDPARK AS

Kopimottakarliste:

TYSVÆR KOMMUNE

RES FORNYBAR NORGE AS - Bernt Anda

JUDITH HÅLAND

Kathrine Bakkevig

EINAR HESKJA

MOTVIND SØRVEST - Bjarne Jensen

Halvor Urrang Simonsen

MOTVIND TYSVÆR



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.